

Fra: Bjørn Arve Lunde[blu@sunnhordland.museum.no]
Sendt: 18.02.2022 08:40:33
Til: FITJAR[FITJAR@fitjar.kommune.no]
Kopi: Linda Øen[linda.oen@sunnhordland.museum.no];Aase Rygg
H. Nøttveit[asno@fitjar.kommune.no];Bente Bjelland[bebj@fitjar.kommune.no];
Tittel: merknad :Reguleringsplan Fitjar sentrum, områdeplan

[EKSTERN]: Eposten er sendt frå ein avsender utanfor organisasjonen. Ikkje klikk på lenker eller opne vedlegg utan at du kjenner til avsender, og er sikker på at innhaldet er trygt.

Til Fitjar kommune
v/Øystein Sørli v/avd. leiar plan og utvikling,

Underteikna syner til skriv:

2.gongs høyring og off. ettersyn PlanID 201901, Reguleringsplan Fitjar sentrum

Vedrørande »Fitjartun« står det å lesa :

«Med auka bruk og til ulike kulturføremål, bør vindua kunne gjerast større slik at fasaden blir meir inviterande utan at dette vil gå ut over historia til granitthoggaren eller uttrykket».

Respektlaust

Underteikna er imot å gi løyve til å endra vindus-opningane på -Fitjartun-. Ei slik handling er respektlaust og vil forringa det arkitektoniske uttrykket som Arkitekt Paul Eugen Lambach gav ungdomshuset. – Fitjartun - er konstruert av tilverka granitt frå Fitjar-øyane og truleg det største prosjektet den eminente granitthoggaren Hjalmar Taipale har levert kvaderstein til. I tillegg er det, etter det underteikna kjenner til, det einaste bygget bergens-arkitekt Lambach har designa i Sunnhordland.

Derimot er det ynskjeleg at den originale dørøpninga på langsida mot vegen vert re-etablert. -Trappa og søylene er inntakte men den originale hovud - inngongen er murt igjen og erstatta med eit vindu.

For Sunnhordland museum
Bjørn Arve Lunde (91598205)
bygningsvernkonsulent